

Utleige av skulen og internat:

Bømlo Folkehøgskule har lyse og trivelege lokale som passar veldig godt til bryllaup, konfirmasjon, slektsstemne og andre arrangement.



Det er plass til maksimalt rundt 300 personar når vi opnar veggene mot gymsalen og brukar både matsal, peisestove og gymsal.

Skulen tilbyr også overnatting i egne internat (240 m²) like ovanfor skulebygningen, med utsikt mot Kulleseidkanalen.

Skulen har totalt åtte internat, som er egne hus med eigen inngang i eine enden av huset og utgang til terrasse i den andre. Nokre av husa står ledige og kan leigast ut over ein lengre periode.



Det er ni rom på kvart av husa, der tre av dei er litt større enn dei andre. Alle romma har eige bad med toalett, vask og dusj. Dei større rom har bad med handikapstandard.

Det er to senger på kvart rom. Dersom det blir brukt som enkeltrom er det såleis plass til 9 personar på kvart hus, medan det er plass til 18 i dobbeltrom.

Små rom:



Større rom



Fellesareal med kjøkken



Kjøkkenet er utstyrt med

- servise og bestikk
- komfyr
- vasskokar
- mikrobølgeovn
- kjøleskap med frys



Det er også eige **vaskerom** med vaskemaskin og tørketrommel og **boder** med oppbevaringsplass.



Vi tilbyr utleige til berre overnatting eller med frukost og middag i både korte periodar og langtidsleige.

Ta gjerne kontakt om du er interessert i å kome og sjå korleis eit hus ser ut og få eit pristilbod; e-post til post@bomlo.fhs.no eller telefon 53 42 56 50

Prisar utleige 2025:

Oppdatert oktober 2025

Leige av eit internat (9 rom, alle med to senger): Inklusiv sengetøy på kvart rom	7 500 pr internat, pr døgn
Leige av heile skulen til bryllaup, slektsstemne m.v. Ikkje bruk av vårt personale og vask etterpå (berre rydding)	13 000
Leige av auditorium og klasserom:	900
Leige av auditorium:	700
Leige av kjøkken	1 700
Leige av gymsal og peisestove	2 300
Leige av auditorium og kjøkken (konfirmasjon m.v.)	2 400
Leige av gymsal, peisestove og kjøkken (messe m.v.)	4 000
Leige av dukar (brullaup m.v.) - ca 30 dukar	1 000
Kaffi, pr kanne	150

